

# TEKNISK TILSTANDSVURDERING

## Sande skule

[Gamlevegen 1, 6973 Sande i Sunnfjord]



[November 2018]

**SWECO**   
**arki**

Angedalsvegen 4, 6800 Førde

[www.sweco.no](http://www.sweco.no)

## TEKNISK TILSTANDSVURDERING

Sande skule

<b>Rapport nr.:</b> TA01	<b>Oppdrag nr.:</b> 10208499	<b>Dato:</b> 21.02.2019
<b>Kunde:</b> Gaular kommune		
<b>Sande skule</b>		
<p><b>Samandrag:</b> Sweco Norge AS og Arki AS er engasjert av Gaular kommune v/ Harald Støfringsdal for å utarbeide tilstandsrapport for Sande skule. Rapporten skal beskrive tilstand på skulen sin bygningsmasse, oppdelt i fagområde. Rapport skal omhandle oppgradering av eksisterende bygningsmasse, samt vurdering av kostnader for etablering av manglende areal. Tilstandsvurdering er utført etter NS3424, nivå 2.</p> <p>Skulen si bygningsmasse framstår etter vår gjennomgang hovudsakeleg av to tilstandsklassar. Nybygg og rehabilitert del frå 2013, garderobe og administrasjonsfløy framstår i god stand. Resterande bygningsmasse har store behov for rehabilitering / modernisering.</p> <p>Anbefalte tiltak neste fem år er estimert til ca. 65,7 millionar kroner, inkludert mva, usikkerheit, rigg og drift, samt administrasjonskostnader. Inventar er ikkje medrekna</p> <p>Ved rehabilitering av den eldre bygningsmassen vil ein kunne forvente ei levetid på omlag 30 år. Ved oppføring av nybygg vil ein kunne forvente ei levetid på omlag 50 år.</p>		
<b>1</b>	<b>21.02.2019</b>	<b>Retting av summering</b>
<b>Rev.</b>	<b>Dato</b>	<b>Revisjonen gjelder</b>
<b>Utarbeidd av:</b> Eirik Engen Skadal, Kjetil Stuhaug, Kim Andre Aarberg, Anne Grete Sætenes, Åshild Skurtveit, Hallvard Naustdal		<b>Sign.:</b>
<b>Kontrollert av:</b> Erlend Fauske		<b>Sign.:</b>
<b>Oppdragsansvarleg / avd.:</b> Erlend Fauske / divisjon TI, avd. 35136		<b>Oppdragsleiar / avd.:</b> Erlend Fauske / divisjon TI, avd. 35136
		<b>NOERFA</b> <b>Sign.</b>

## Innholdsliste

<b>1</b>	<b>Oppdragsbeskriving</b> .....	<b>1</b>
1.1	Data om analyseobjektet.....	1
1.2	Data om tilstandsvurdering.....	1
1.3	Bakgrunn og formål.....	2
<b>2</b>	<b>Konklusjon</b> .....	<b>3</b>
2.1	Byggverksdelar med høg risiko .....	3
2.2	Kostnadssamanstilling .....	4
<b>3</b>	<b>Definisjonar</b> .....	<b>5</b>
<b>4</b>	<b>Tilstandsbeskriving med tiltak og kostnadar</b> .....	<b>6</b>
4.1	Utfyllande beskrivingar.....	6
4.1.1	Bygg (med arkitekt) .....	6
4.1.2	VVS.....	6
4.1.3	Elektro.....	7
4.1.4	Brannsikkerheit.....	7
4.2	Universell utforming .....	9
4.3	Ytre miljø.....	9
<b>5</b>	<b>Referansar</b> .....	<b>10</b>
<b>6</b>	<b>Vedlegg</b> .....	<b>10</b>

# 1 Oppdragsbeskriving

## 1.1 Data om analyseobjektet

Eigendomsdata					
Gnr.	Bnr.	Festenr.	Seksj.nr.	Kommune	
61	1	13	0	Gaular kommune	
Adresse				Postnr.	Poststad
Gamlevegen 1				6973	Sande i Sunnfjord

Bygningsdata		
Byggjeår	Tal på etasjar	Hovudkonstruksjon
1964-67	2	Betong og mur/tegl
Bruksareal (BRA)	Bruttoareal (BTA)	
-	Totalt 7200 m <sup>2</sup>	
Nåverande eigar		
Gaular kommune		

## 1.2 Data om tilstandsvurdering

Analysetidspunkt
Synfarringsdato
25. oktober 2018
Rapportdato / rev. dato
22.11.2018

Oppdragsgivar		
Namn	Firma	Funksjon
Harald Støfringsdal	Gaular kommune	Prosjektleder
E-post	Telefon	
Harald.Stofringsdal@gaular.kommune.no	57 71 85 47	

Rådgjevarar			
<b>RIB</b>	Namn Kim Andre Aarberg	Firma Sweco Norge AS	Kompetanse Ing./Bsc.
	E-post KimAndre.Aarberg@sweco.no		Telefon 95 89 45 77
<b>RIV</b>	Namn Eirik Engen Skadal	Firma Sweco Norge AS	Kompetanse Siv.ing./Msc.
	E-post Eirik.Engen.Skadal@sweco.no		Telefon 97 52 02 44
<b>RIE</b>	Namn Kjetil Stuhaug	Firma Sweco Norge AS	Kompetanse Ing./Bsc.
	E-post Kjetil.Stuhaug@sweco.no		Telefon 90 80 09 01
<b>RIBr</b>	Namn Åshild Skurtveit	Firma Sweco Norge AS	Kompetanse Ing./Bsc.
	E-post Aashild.Skurtveit@sweco.no		Telefon 97 77 24 52
<b>ARK</b>	Namn Anne Grete Sætenes	Firma Arki AS	Kompetanse Ing./Bsc.
	E-post Anne.grete@arki.no		Telefon 99 21 49 64

Involverte		
Namn Arthur Fauske Geir Alværvik (vaktm.) Rune Kvammen Kari Lunde Horsevik Sandra Loftheim	Firma Gaular kommune Gaular kommune Gaular kommune Gaular kommune Gaular kommune	Rolle Vaktmeister (tidl.) Vaktmeister Rektor Verneombod Tillitsvald

### 1.3 Bakgrunn og formål

Sweco Norge AS har på oppdrag frå Gaular kommune utført tilstandsvurdering for Sande Skule. Bakgrunn for vurderinga er å få eit bilete over naudsynte utbetringar og kostnader skulen står ovanfor. Rapporten gjeld heile bygningsmassen, men det er eldre delar (fløy A, B, C og E) som er vektlagt mest i vurderinga grunna størst behov for oppgradering i desse areala. Vurderinga omfattar faga byggjetechnik, VVS, elektro, brann og arkitekt. Utomhus areal er ikkje medteke i rapport.

Vurderingar er basert på visuell stikkprøvekontroll, og har som formål å avdekke skader/manglar på bygningsdelar, teknisk utstyr og installasjonar. Rapporten er utført etter NS 3424:2012 nivå 1-2. Konstruksjonar og tekniske anlegg er ikkje opna/demontert. Det har vore gjennomført møte med driftspersonale før synfaring av bygg. Driftspersonale var med under synfaring og hjelpte med informasjon og historikk. Etter synfaring har det vore gjennomført møte med skuleleiing og tillitsvalde ved skulen for å få info om bruk av bygninga.

## 2 Konklusjon

Sande skule er bygd i 1967. Etter den tid er skulen bygd på i fleire steg fram til 2013. Det er i hovudsak fløy A, B, C, E som treng rehabilitering og utbetring.

Bygningsmessig er berekonstruksjonen i desse fløyane i god stand, medan overflater, veggjar, tak, himling, golv og vindauge krev oppgradering / utskifting.

Skulen har og manglar når det kjem til akustikk og lydkrav, brannsikring, sikring av trapper og trappeopningar.

Store delar av sanitærfasilitetane på dei eldre delane av skulen har nådd si anbefalte levetid og bør fornyast og/eller utskiftast. Spesielt utfordringa med vasstrykk til brannslangar på skulen må prioriterast. Skulen har utfordringar med inneklima og luftmengder i både eldre og nyare delar av skulen, sjølv om fleire av anlegga er av nyare dato. Dette må undersøkast nærare og utbetrast. I den nyare delen av skulen er det eit moderne og energieffektivt varmeanlegg. Vi rår til at ein ser på tilsvarende løysingar for resterande bygningsmasse.

For elektrofag er det i fløyane A,B,C og E det er behov for oppgradering. Her vil dei fleste anleggsdelar måtte skiftast som følge av alder og behov for oppgradering. Tidslinje og omfang vil kunne verte påverka av eventuelle andre tiltak på bygningsmassen som vert gjennomført. I fløy D, som har vore omfatta av utbygging og rehabilitering i 2013, er tilstand generelt god. Også garderobedel frå år 2004 er vurdert til berre å trenge vedlikehaldsbehov nærmaste år.

Bygget innehar fleire gode branntekniske løysingar, men med bakgrunn i brannteknisk referansenivå for bygget er det kartlagt feil og manglar som må utbetrast. Dette gjeld generelt rømnings situasjon frå fløyane A og D. I tillegg store, opne og ikkje-seksjonerte areal for fløyane A, B, C og E, samt manglande tilrettelegging for brannsløkking. Desse forholda må utbetrast for at byggverket skal ivareta gjeldande referansenivå.


I tillegg til tilstandsvurdering av bygningsmassen til Sande skule er det og sett på arealbehov utifrå framtidige elevtal. Det er og laga ein energirapport som presenterer moglege energisparande tiltak. Desse rapportane finn ein i vedlegg E og F.

### 2.1 Byggverksdelar med høg risiko

Det er opplyst at det er asbest i enkelte bygningsdelar, samt observert mogleg asbest i noko av røyrisolasjonen. Ved eventuelt arbeid i aktuelle område må det takast prøvar for asbest før ein startar arbeid.

## 2.2 Kostnadssamanstilling

Under er det lista opp ein samla kostnad for rehabilitering av skulen, fagvis inndelt.

		Vurderingsår <b>2018</b>						
Vedlegg A - Analyseskjema								
Gaular kommune		Summeringsark					SWECO 	
Sande skule								
		Strakstiltak < 1 år	1 - 5 år	6 - 10 år	11 - 15 år	16 - 20 år	> 20 år	Sum
<b>1</b>	<b>Driftsmessige forhold</b>	D	-	-	-	-	-	-
		U	-	-	-	-	-	-
<b>2</b>	<b>Bygning</b>	V	-	15 124 250	7 171 500	-	-	12 500
		U	-	-	-	-	-	-
<b>3</b>	<b>VVS</b>	V	-	6 266 125	360 000	-	-	-
		U	-	40 375	-	-	-	-
<b>4</b>	<b>Elkraft</b>	V	-	5 443 800	25 000	392 000	-	-
		U	-	-	-	-	-	-
<b>5</b>	<b>Tele og automatisering</b>	V	-	2 489 000	-	-	-	-
		U	-	-	-	-	-	-
<b>6</b>	<b>Andre installasjoner</b>	V	-	-	-	-	-	-
		U	-	-	-	-	-	-
<b>7</b>	<b>Utendørs</b>	V	-	-	-	-	-	-
		U	-	-	-	-	-	-
<b>9</b>	<b>Dokumentasjon</b>	V	-	-	10 000	-	-	-
		U	-	-	-	-	-	-
	<b>Sum drift (D) eks. mva.</b>		-	-	-	-	-	-
	<b>Sum vedlikehold (V) eks. mva.</b>		-	<b>29 323 175</b>	<b>7 566 500</b>	<b>392 000</b>	-	<b>12 500</b>
	<b>Sum utvikling (U) eks. mva.</b>		-	<b>40 375</b>	-	-	-	<b>40 375</b>
	<b>Sum eks. mva.</b>		-	<b>29 363 550</b>	<b>7 566 500</b>	<b>392 000</b>	-	<b>12 500</b>
	Marginer og reserver	25 %	-	7 340 888	1 891 625	98 000	-	3 125
	Rigg, drift og gen. Kostn.	15 %	-	5 505 666	1 418 719	73 500	-	2 344
	Merverdiavgift	25 %	-	10 552 526	2 719 211	140 875	-	4 492
	<b>Totalsum inkl. mva.</b>		-	<b>52 762 629</b>	<b>13 596 055</b>	<b>704 375</b>	-	<b>22 461</b>
								<b>67 085 520</b>

Tiltak og kostnader i overstående tabell vil ha avhengigheter når det kjem til praktisk utføring av tiltak. Mykje av kostnadane vil såleis komme samstundes, sjølv om nokre bygningsdelar har lengre restlevetid enn andre.

### 3 Definisjonar

Nyttige definisjonar iht. Norsk standard, definert i NS3454:2000 Livssyklus kostnader for byggverk, prinsipp og struktur;

Kostnadstypar innan FDVU	
<i>Driftskostnader (D)</i>	Kostnader for kontinuerleg drift, reinhald, vakt, sikring, energi o.a. Gjeld og kontinuerleg vedlikehald, skade og hærverk.
<i>Vedlikehaldskostnader (V)</i>	Kostnader som er nødvendige for å oppretthalde byggverket på eit fastsett kvalitetsnivå og dermed gjere det mogleg å bruke det til sitt tiltenkte formål innanfor ei gitt brukstid. Utsifting av bygningsdelar/tekniske installasjonar med kortare levetid enn resten av byggverket er og definert som vedlikehald.
<i>Utviklingskostnader (U)</i>	Kostnader knytta til utvikling av byggverket for å oppretthalde verdi en over tid i forhold til nye krav frå brukarar, marknad og myndigheiter.

Nyttige definisjonar iht. Norsk standard, NS 3424:2012 Tilstandsvurdering av byggverk, innhald og gjennomføring;

Tilstandsgrad	
TG 0	Ingen avvik
TG 1	Mindre eller moderate avvik
TG 2	Vesentleg avvik
TG 3	Stort eller alvorleg avvik
TGIU	Ikkje undersøkt
Konsekvensgrad	
KG 0	Ingen konsekvensar
KG 1	Små og middels konsekvensar
KG 2	Vesentlege konsekvensar
KG 3	Store og alvorlege konsekvensar

Andre definisjonar som leggst til grunn for rapporten, delvis basert på NS 3424:2012;

Sannsyn		Konsekvenstype	
1	Lite sannsynleg	1	Fare for liv og helse
2	Noko sannsynleg	2	Pålegg føreligg
3	Veldig sannsynleg	3	Sikkerheit (inkl. brannsikkerheit)
<b>Risiko<sup>1</sup></b>		4	Pålegg berekneleg
1 – 2	Lav/ubetydeleg risiko	5	Helse og miljø
3 – 4	Middels/betydeleg risiko	6	Driftsavbrot
5 – 6	Høg/kritisk risiko	7	Vedlikehald
		8	Funksjonalitet
		9	Estetikk

<sup>1</sup> Risiko er definert som konsekvensgrad multiplisert med sannsyn for at skade skal inntreffe innanfor vald konsekvenstype.



## 4 Tilstandsbeskriving med tiltak og kostnader

Registrert tilstand for kvar byggverksdel er oppført på skjema i vedlegg A, systematisert etter *NS3451:2009 Bygningsdelstabellen*. Der det er behov for tiltak er det satt opp eit tilhøyrande kostnadsestimat. Innhaldet i skjema i vedlegg A gjentakast ikkje her.

### 4.1 Utfyllande beskrivingar

#### 4.1.1 Bygg (med arkitekt)

Sande skule er opphoveleg frå 1967 med fleire tilbygg i perioden 1993 til 2013. Berekonstruksjonen i plan 0 består av veggjar, søyler, bjelkar i betong og plasstøypt betongdekke. Hovudkonstruksjonen har ingen synlege setningar eller svekkingar i grunnen, og generelt lite riss. Søylen på framsida av skulen har tydelege teikn på korrosjonsskadar og frostsprenging. Søylen bør kleast inn, gjerne i samanheng med rehabilitering av ytterveggen. Bassenget frå 1967 verkar å ha god tilstand innvendig, men det er tydelege teikn på at konstruksjonen har vore utsett for påkjenning av klorider. På undersida av dekke er det avskalningar pga. av karbonisering, men det vart ikkje observert lekkasjar på inspeksjonstidspunkt men dette har vore registrert tidlegare. Det er vurdert at ein har moglegheit til å forlenge levetida med inntil 30 – 50 år om ein gjer rett utbetring tidsnok. Den sikraste og mest framtidretta metoden er å nytte katodisk beskytting. Berekonstruksjonen i plan 1 er i hovudsak bygd opp i trekonstruksjonar og tegl. I fløy B og C har konstruksjonen i yttervegg store skadar pga. av fukt og råte. Her må alle veggene rivast i si heilheit unnateke ein vegg i fløy C mot B som er utbetra. Elles er ytterveggane dårleg isolert og utan luftesjikt bak teglforblending. Det er råteskadar i konstruksjonen. Generelt må alle overflater behandlast. Taket er bygd opp av limtrekonstruksjonar med tverrbjelkar i heiltre. Sjølve konstruksjonen er god, men takpappen på taket må skiftast, samt at ein må etterisolere taket. Himlingane er av varierende kvalitet samt at store delar av A-fløy inneheld asbest, som må sanerast.

#### 4.1.2 VVS

Sanitærfasilitetane i fløyane A, B, C og E er generelt modne for fornying eller utskifting. Både mtp. levetid for botnleidningar og avløpsrøyr, samt overgang til vasskadesikre løysingar for vasstiltførsel. For administrasjonsfløy og fløy D (med Gaularhallen) er sanitæranlegg modernisert med gode løysingar. Det opplysast om dårleg inneklima i fleire delar av bygningsmassen, både ny og gammal. Det er gjort grove overslag på nokre av anlegga som tilseier at det ikkje er kapasiteten på aggregata som skapar utfordringane. For områda med dårleg inneklima anbefalast det å gjere luftmengdemålingar og undersøkingar av kanalnett for å finne ut kvifor aggregata ikkje klarar å levere prosjekterte luftmengder til tiltenkte areal. Varmeanlegget som er montert i D-fløyen er moderne og av god kvalitet. Det anbefalast å undersøke gevinsten av å vidareføre slike energieffektive løysingar til resterande bygningsmasse. Det opplysast om ei luft-vatn varmpumpe som stoppar ved gitt temperatur. Dette skal kommunen ta vidare som ei garantisak mot leverandør. Dersom varmpumpa ikkje kan levere / har ugunstig verkningsgrad ved større delar av vinterhalvåret, anbefalast det å sjå

på meir stabile energikjelder som f.eks. grunnvarme. Dette må sjåast i samanheng med tidlegare nemnd investering for resterande bygningsmasse.

#### 4.1.3 Elektro

I tilstandsvurdering er det er lagt vekt på dei eldre delane av bygning gjennom synfaring og rapport, då det er her behov for oppgradering er størst. Det elektriske anlegget i nyare delar, nybygg og rehabilitert areal frå 2001, 2004 og 2013 er i hovudtrekk i god stand og funksjonelt. I dei eldre delane av bygningsmassen frå 1967, 1993 og 1996, er det behov for oppgradering og utskifting av store delar av installasjonen i noko varierende tidslinje, men mest innanfor 5-års horisont.

I fløy A, B, C, og E er det behov for oppgradering av fordelingstavler då desse er utdatert med tanke på sikkerheit ved betjening, og sikkerheit ute på forbrukarkursar. Det er manglande jordfeilutkopling på kursar, og låg kapslingsgrad i fordelingar som er hovudmoment. Positivt er det at hovudtavle for heile bygningsmasse er utskifta i 2013 og i god stand.

Det er lite tilgjengeleg føringsvegar for nye installasjonar i eldre bygningsmasse. Her er opphavleg nytta røyrføring i konstruksjonar. Det er difor berekna å etablere nye føringar for kabling både for elkraft og automasjon/ikt. Dette er tiltak som vil vere naturleg å gjere i samanheng med oppgradering av himling/tak.

I klasserom er det vurdert å være for få uttak for straum og data til dagens bruk, samt at kursopplegg har oppnådd maks, eller forventa levealder. Anlegg bør oppgraderast med auka tal uttak samt plassering for dagens bruk. Det må og på plass ny kabling med fullverdig jordsamband.

Lysanlegg vart i fløy A, B, C utskifta tidleg 2000- tal og er i ok tilstand lysteknisk. Det er opplyst at lysanlegg har hyppig behov for vedlikehald i form av utskifting av komponentar. Lys i klasseromma er styrt av rørsledetektorar. Lysanlegg i fløy D er vurdert til å vere i god stand.

Brannvarsling må oppgraderast til å dekke alle rom i fløy A, B, C og E (Det er ok i fløy D) I dag er varsling generelt basert på manuelle meldarar i korridorar og enkelte detektorar (varierende utstrekking) i arbeidsrom og klasserom.

Det er for den eldre bygningsmassen behov for utskifting av eksisterande SD-anlegg som vart montert i år 2000. Dette anlegget styrer romoppvarming og nyare ventilasjonsanlegg. Det er ikkje mogeleg å få reservedelar til dette anlegget.

Det er ikkje kome opplysningar om manglar ved datanettverk. Det er i fløy A, B, C etablert eit datarack i arbeidsrom i fløy A. Det vil truleg vere behov for utviding av nettverk grunna auka bruk av data og internett i undervisning.

#### 4.1.4 Brannikkerheit

Sjå vedlegg D for branntekniske krav for byggverket. Under følgjer ei kort skildring over enkelte branntekniske løysingar på byggverket. Sjå vidare skildring frå RIB, RIV, RIE og ARK, samt ytterlegare skildring av manglar og tiltak i Analyseskjema (Vedlegg A).

##### Brannteknisk inndeling av bygningsmassen

Byggverket er inndelt i ulike brannseksjonar med brannmotstand REI90 M, sjå vedlagt brannteikning (Vedlegg C). Seksjoneringsveggane er plassert mellom fløy A og D, samt

mellom Gaularhallen og fløy E. Seksjoneringsveggen mellom fløy A og D er ført over høgaste tilstøytande tak, og utført i betongkonstruksjon. Seksjoneringsvegg mellom Gaularhallen og fløy E er i medhald til mottatt teikningsunderlag2 ført 0,5 meter over høgaste tilstøytande tak. I medhald til mottatt teikningsunderlag skal kvart enkelt undervisningsrom, administrasjon, rømmingsvegar, trapperom, tekniske rom og lager vere inndelt i ulike brannceller. Sjå vedlagt brannteikning (Vedlegg C) der brannmotstand på vegger, dører og vinduer framkjem. Det vart under synfaring kartlagt manglar på branncellebegrensande bygningsdelar som er vidare angitt i Vedlegg A Analyseeskjema.

### Tekniske installasjonar

Sjå skildring RIE. Følgjande areal er utført med brannalarmanlegg (med direktevarsling til 110-sentral):

- Fløy A: Optisk røykdetektor i korridor, samt areal for administrasjon. Ingen deteksjon i klasserom.
- Fløy B og C: Ingen deteksjon. Manuell meldar i vindfang/garderobe.
- Fløy D: Heildekkande brannalarmanlegg med optiske røykdetektorar og manuelle meldarar
- Fløy E: Optiske røykdetektorar i areal for administrasjon, samt manuelle meldarar i vindfang/garderobe tilhøyrande klasserom. Ingen deteksjon i klasserom.

Byggverket er utført med ledesystem, samt nødllys.

Det vart under synfaring kartlagt manglar i tilknytning til tekniske installasjonar som er vidare angitt i Vedlegg A - Analyseeskjema.

### Rømming og redning

Det er generelt enkle og oversiktlege rømningsvegar på Sande skule. Byggverket er utført med eit trapperom (Tr13) ved hovudinngang, samt to trapperom (Tr1) som tilkomst til tekniske rom på tak. Vidare er det tilkomst til bakkeplan både frå plan U (fløy A), samt plan 1.

Det føreligg følgjande rømningsprinsipp for ulike areal (sjå vedlagt brannteikning).

- Fløy A:
  - Plan U: Utgang til anna brannseksjon ved hovudinngang (trapperom), samt via to interntrapper med utgang direkte til det fri i plan 1.
  - Plan 1: Utgang direkte til det fri ved fløy E, samt to utgangar direkte til det fri i korridor. I tillegg rømming til anna brannseksjon (kantine) med vidare utgang til trapperom.
- Fløy B og C:
  - Utgang direkte til det fri frå klasserom via entre/garderobe.
- Fløy D:
  - Plan U: Frå undervisningsrom er det rømming via vindauge, samt utgang til korridor med utgang til det fri via hovudinngang (rømmingsveg). Frå tekniske areal og lager er det utgang via hovudinngang (rømmingsveg).
  - Plan 1: Frå klasserom og auditorium er det utgang til korridor med ein utgang direkte til det fri. Frå kantine er det utgang direkte til det fri, utgang til trapperom og utgang til korridor som fører vidare direkte til det fri. Frå Squash hall er det utgang til korridor som fører vidare direkte til det fri. Frå garderobeareal er det

utgang til to korridorar, der ein korridor har utgang direkte til det fri, samt ein korridor har utgang via anna branncelle direkte til det fri. Frå idrettshall er det to utgangar til anna brannseksjon, samt ein utgang direkte til det fri.

- Fløy E:
  - Plan U: Utgang direkte til det fri frå lærar/administrasjonsareal.
  - Plan 1: Fleire utgangar direkte til korridor (rømmingsveg) med fleire utgangar til det fri frå lærar/administrasjons areal. Utgang direkte til det fri frå klasserom via entre/garderobe.

Det vart under synfaring kartlagt fleire manglar i forbindelse med rømmingsprinsippet på byggverket. Forhaldet er ytterlegare skildra under Vedlegg A Analyseskjema.

#### Tilrettelegging for sløkking av brann

Byggverket er utført med brannslangar og handslokkarar. Årleg kontroll er gjennomført.

Det vart under synfaring kartlagt manglar i forbindelse med sløkkeutstyr, og manglane er ytterlegare skildra under Vedlegg A Analyseskjema.

#### Tilrettelegging for rednings- og sløkkemannskap

Sweco har ikkje undersøkt i forhold i forbindelse med tilrettelegging for brannmannskap, men følgjande observasjonar vart gjort under synfaring:

- Det er køyrbar atkomst rundt byggverket.
- Brannalarmsentralar er plassert ved inngang til fløy E (brannalarmanlegg i fløy A og E), samt ved hovudinngang til Gaularhallen (for fløy B).
- Det er ikkje etablert nøkkelboks ved angrepsvegar for brannvesenet.
- Tilkomst til yttertak via trapperom frå fløy D, samt mogleg via brannvesenets stigemateriell (tilgjengeleg materiell for brannvesenet ikkje undersøkt).

## **4.2 Universell utforming**

Skulen har generelt direkte tilgang frå terreng og det er heis mellom plan 0 og 1. Dører med tilfredsstillande lysopning (900 mm) med god tilkomst til klasserom varierer, det gjeld særleg fløy B og C. Dørene er tunge å opne og ber preg av slitasje. Garderobar/inngang til fløy B og C er små, det er lite golvareal for garderobe og snusirkel for mange elevar fordelt på 2 klasserom, 50-60 elevar.

Taktil merking generelt manglar, som framfor trapper, i bassengområde m.m.

## **4.3 Ytre miljø**

Før ein eventuell rehabilitering/ombygging/riving må det gjennomførast ein enkel miljøkartlegging for berørde material, og dersom tiltaka blir søknadspliktige etter plan- og bygningsloven, er det krav om avfallsplan og full miljøkartleggingsrapport. Dette kravet er satt for å hindre/reduere spreiring av miljøgifter i naturen.

## 5 Referansar

1. Forskrift om tekniske krav til byggverk (Byggteknisk forskrift), Kommunal- og regionaldepartementet, mars 2010.
2. Veiledning til Byggteknisk forskrift 2010, Statens Bygningstekniske Etat, juli 2010.
3. NS 3424:2012 Tilstandsvurdering av byggverk, innhold og gjennomføring.
4. NS3451:2009 Bygningsdelstabell.
5. NS 3454:2000 Livssyklus kostnader for byggverk, prinsipper og struktur.
6. Byggforsk detaljblad 700.320, Intervaller for vedlikehold og utskiftning av bygningsdeler.

## 6 Vedlegg

- Vedlegg A Analyseskjema
- Vedlegg B Bilete frå synfaring
- Vedlegg C Oversikt bygningsmasse og teikningar
- Vedlegg D Referansenivå branntryggleik
- Vedlegg E Oversikt og kalkyle naudsynt tilleggsareal.
- Vedlegg F Notat energi

Gaular kommune		Sande skule	HMS-konsekvens =		1-5	1-2 = Lav/ubetydelig risiko	arki SWECO							
ID-nummer:		-	Drifts- og vedlikehaldskonsekvens =		6-7	3-4 = Middels/betydelig risiko								
Areal BTA:		7 200	Estetikk- og funksjonalitetskonsekvens =		8-9	5-9 = Høy/kritisk risiko								
Antall brukere:		-	Tilstandsgrader (TG): 0=Ingen avvik 1=Mindre eller moderat avvik 2=Vesentlig avvik 3=Stort eller alvorlig avvik IU=Ikke undersøkt	Tilstandsgrad	Konsekvenstype	Konsekvensgrad	Sannsynlighet	Risiko (KGxS)						
Registreringsformål: Byggeår:		Tilstandsbeskrivelse 1967							Anbefales utført innen	Konsekvenstyper (KT): 1=Fare for liv og helse 2=Pålegg foreligger 3=Sikkerhet 4=Pålegg påregnelig 5=Helse og miljø 6=Driftsavbrudd 7=vedlikehald 8=Funksjonalitet 9=Estetikk				
Registreringsdato:		15.11.2018					Konsekvensgrader (KG): 0=Ingen konsekvenser 1=Små eller middels konsekvenser 2=Vesentlige konsekvenser 3=Store og alvorlige konsekvenser							
Rapportansvarlig:		Erlend Fauske					Sannsynlighet (S): 1=Liten sannsynlighet 2=Middels sannsynlighet 3=Stor sannsynlighet							
KALKYLE														
NS3451 2009	Bygningsdel/anlegg	Tilstandsbeskrivelse	bilete nr.	Tiltak	TG	KT	KG	S	R	År	Andel % aktivering (U)	Kalkyle netto totalt (D+V+U)	Andel drifts- og vedlikehalds- kostnad (D+V)	Andel utviklings- kostnad (U)
<b>Summer eks. mva.</b>											<b>37 334 550</b>	<b>37 294 175</b>	<b>40 375</b>	
<b>1</b>	<b>DRIFTSMESSIGE tilhøve</b>													
<b>10</b>	<b>Driftsmessige tilhøve, generelt</b>													
100	Driftsmessige tilhøve, generelt	-											-	-
<b>11</b>	<b>Løpande drift</b>													
110	Løpande drift, generelt	-											-	-
<b>12</b>	<b>Renhold</b>													
120	Reinhald, generelt	-											-	-
<b>13</b>	<b>Energi</b>													
130	Energi, generelt	Store energikostandar , sjå eigen rapport											-	-
<b>14</b>	<b>Drift vatn og avløp</b>													
140	Drift vatn og avløp, generelt	-											-	-
<b>15</b>	<b>Avfallshandtering</b>													
150	Avfallshandtering, generelt	-											-	-
<b>16</b>	<b>Vakthald og sikring</b>													
160	Vakthald og sikring, generelt	-											-	-
<b>17</b>	<b>Drift utandørsanlegg</b>													
170	Drift utandørsanlegg, generelt	-											-	-
<b>19</b>	<b>Andre driftsmessige tilhøve</b>													
190	Andre driftsmessige tilhøve, generelt	-											-	-
<b>2</b>	<b>BYGNING</b>													
<b>20</b>	<b>Bygning, generelt</b>													
200	Bygning, generelt	Sande skule vart oppført i 1964, skulen er sidan bygd på i fleire omgangar. Første byggesteg gjeld fløy A, B, C og D. Fløy E er bygd i 1993, tilbygd 1996 og 2013. Tilbygg mot fløy A/E, lærar/adm. 2001. Tilbygg til fløy D, garderobar, 2004. Tilbygg/ombygging på enden av fløy A mot D, 2013. Gaularhallen 2013. Fløy B, yttervegg mot C er utbetra i seinare tid grunna råtskadar og lekkasje, vindauge er skifta ut.		Informasjon									-	-
<b>21</b>	<b>Grunn og fundament</b>													
210	Grunn og fundament, generelt	Bygget har ikkje teikn til vesentlege setningskadar. Dette indikerer at bygget er godt fundamentert.											-	-
211	Klargjøring av tomt												-	-
212	Byggegrep												-	-
213	Grunnforsterking												-	-

NS3451 2009	Bygningsdel/anlegg	Tilstandsbeskrivelse	bilete nr.	Tiltak	TG	KT	KG	S	R	År	Andel % aktivering (U)	Kalkyle netto totalt (D+V+U)	Andel drifts- og vedlikehalds- kostnad (D+V)	Andel utviklings- kostnad (U)
214,01	Støttekonstruksjonar	Utvendige støttekonstruksjonar i betong, hovudsakleg mot nord-vest og vest. Har små teikn til konstruksjonsskadar.		Årlege visuelle kontrollar av vaktmeister, og reingjering av murane	1	7	1	1	1	2040	0 %	12 500	12 500	-
214,02	Støttekonstruksjonar	Betongveggar i kjellarplan er i hovudsak frå 1967 med unntak av fløy E. Vi har kun hatt tilgang frå innsida. Det er ikkje teikn til setningsskadar, og det er heller ikkje registrert lekkasjar. Iht. dei gamle teikningane er det 20 cm betongvegg, 5-10 cm leca mot grunnen, men ikkje knotteplast eller tilsvarande mot grunnen. Innvedig overflater er malte men slitt.		Denne bør etterisolerast og sikrast mot fukt, kan utførast i saman med drens. Innvendige overflater bør også malast	2	5	2	2	4	2028		375 000	375 000	-
214,03	Støttekonstruksjonar	Betongveggen i frontfasaden er frå 1967, her er det noko teikn til korrosjonsskadar og frostsadar	201	Fjerning av rust på armeringa, pusse over med betong og kleast inn med XPS og fibersementplater	2	5	2	2	4	2025		100 000	100 000	-
214,4	Støttekonstruksjonar	Betongveggar i kjellarplan for fløy E og tilbygg i D-fløyen er frå 1993-2013 og ansjåast til å vere i grei stand		Årlege visuelle kontrollar av vaktmeister	1								-	-
215	Pelefundamentering												-	-
216,01	Direkte fundamentering	Tilstanden på fundamenta er uviss ettersom det ikkje har vore mogleg å ta ein visuell kontroll. Fundamenta frå 1967 har passert dimensjonerande levealder, men det er ikkje teikn på andre konstruksjonsdelar at fundamenta er vesentleg svekka.		Bør kontrollerast når ein skal etterisolere muren og evt. legge ny drens. Elles er overliggande konstruksjonar kontrollert regelmessig av vaktmeister	1								-	-
216,02	Direkte fundamentering	Nyare fundament ansjåst til å vere ok, ettersom det ikkje har vore registrert noko i overliggande konstruksjonar		Kontroll av vaktmeister	1								-	-
217	Drenering	Sjå 311.05 i VVS-avsnitt											-	-
218	Utstyr og komplettering	Ikkje aktuelt.											-	-
219	Andre delar av grunn og fundament	Ikkje aktuelt.											-	-
22	<b>Bæresystem</b>													
220	Bæresystem, generelt	Det er kun utført visuell kontroll av bæresystem. Bæresystemet er generelt oppført i betongkonstruksjon, samt veggav teglstein og bindingsverk / limtre. Etasjeskillet i fløy A er utført i betongkonstruksjon.  I fløy A, B, C og E er takkonstruksjon utført med bærnde trekonstruksjonar i limtre og tverrgående bjelkelag.  Gaularhallen er utført med takkonstruksjon i stål (fagverk), samt stålplater i tak.		Til informasjon	0								-	-
221	Rammer												-	-
222,01	Søyler	For samtlige av dei utvendige betongsøylae i kjellarplanet mot nordvest, som er hovudbæringa til plan 2, er det tydelege sprekkar / riss og avskallingar i overgang mellom søyle - bjelke. Dette kan komme av for lite forankringsarmering pga. momentbelastning, samt fukt og frostsprengning. Forankringsarmeringa er truleg svekka. Forventa levetid utan tiltak er 10-15år.	202	Det anbefalast å renske vekk laus betong, behandle armeringa og pusse i betong, samt å kle denne inn for å unngå vidare utvikling av skadane. Dette kan takast i samanheng med anbefalingar i punkt 232	3	5	2	3	6	2021		-	-	-
222,02	Søyler	Tresøyler i A fløyen, generelt i plan 2, er innkledd. Det har ikkje vore moglegheit til å ta ein visuell kontroll. Det antas at desse er OK. Det har vore ein del fuktproblem spesielt i fløy B og C.		søylae i A-fløyen kontrollerast ved rehabilitering av yttervegg. Tilsvarande for fløy B og C. Det er ikkje lagt inn kostnader på dette her, men må sjåast i samanheng med punkt 231. Ein kontroll av desse må prioriterast.	3	5	3	3	9	2021		-	-	-
223,01	Bjelkar	Bjelkar av betong i dekke over kjellar mot nordvest er ikkje innkledd i sin heilhet, det er ikkje vore observert noko skadar på denne.		Det anbefalast å renske vekk laus betong, behandle armeringa og pusse i betong, samt å kle denne inn for å unngå vidare utvikling av skadane. Dette kan takast i samanheng med anbefalingar i punkt 232	3	5	3	2	6	2021		-	-	-
223,02	Bjelkar	Hovudbæringa for taket er limtrebjelkar. Det har ikkje vore observert skadar på desse, men det kan vere likevel vere fuktsskadar. Spesielt der det var lekkasje frå taket, hovudsakleg i fløy B og E	203	Kontrollerast jevnleg av vaktmeister, nærmare kontroll når himling skal rehabiliterast.	1							-	-	-
224	Avstivande konstruksjonar	Avstivande konstruksjonar er ivaretatt av berande betongkonstruksjon i kjellar, og hovudsak trekonstruksjonar i overetasjen, det er ingen indikasjonar på at denne ikkje er ivaretatt.		Til informasjon.	0							-	-	-

NS3451 2009	Bygningsdel/anlegg	Tilstandsbeskrivelse	bilete nr.	Tiltak	TG	KT	KG	S	R	År	Andel % aktivering (U)	Kalkyle netto totalt (D+V+U)	Andel drifts- og vedlikehalds- kostnad (D+V)	Andel utviklings- kostnad (U)
225,01	Brannbeskytting av bærende konstruksjonar - veggar og søyler	Bærande konstruksjonar i betong og teglsteinkonstruksjonar vil normalt ivareta brannmotstand R30. Det vart kun gjennomført generelle observasjonar av brannmotstand på bærande konstruksjonar, og evt. tiltak påpeikt av RIB i dette oppsettet må utbedrast (svekkingar el.).  Bærande søyler utanfor fløy B og C er utført i stålkonstruksjonar. Stålkonstruksjonar vil normalt ivareta brannmotstand maksimalt 10-15 minutt, mot preakseptert R30. Avstand frå vindauge til stålsøyale er ca. 2,5 meter.	204	Bærande stålsøyler utanfor fløy B og C må brannisoleras eller brannmalast med godkjende produkt, slik at konstruksjonen ivaretar brannmotstand R30.	2	3	2	2	4	2024	0 %	62 500	62 500	-
225,02	Brannbeskytting av bærende konstruksjonar - veggar og søyler	Takkonstruksjon utført i trekonstruksjonar (ubehandla tresperr og limtrebjelkar etter opplysingar frå Brannteknisk dokumentasjon, datert 18.05.10 utarbeida av Sivilingeniør Holmefjord AS). Ubehandla trekonstruksjonar vil normalt ikkje ivareta bærekraft R30.  Takkonstruksjon fløy A: For å ivareta brannmotstand R30 for takkonstruksjon er det tidlegare iverksett tiltak med brannhemmande måling direkte på isolasjon.  Takkonstruksjon fløy B og C: Det er opplyst om (i tidlegare utarbeida Brannteknisk dokumentasjon) at takkonstruksjon i klasseromsfløy vart tilleggsisolert og beskytta med platelag for å ivareta R30.  Takkonstruksjon fløy E: Det er opplyst om at takkonstruksjonar er oppgradert med gipsplater på ubehandla trekonstruksjonar i tak.	224	Brannmåling av isolasjon er ikkje ei godkjend løysing. Fløy A må oppgraderast til å ivareta brannmotstand R30.  Som ein konsekvens av dette må himlinga og store delar av det tekniske installasjonar takast ned. Dette for å komme til og brannisolere med gips. Det er tatt omsyn til ein del gjenbruksverdi av himling.	2	3	2	2	4	2024	0 %	725 000	725 000	-
226,01	Kledning og overflate	Hovudsakleg overflater i betong, og teglsteinkonstruksjonar. Enkelte areal har overflater med trepanel.  Rømningskorridor i fløy A består hovudsakleg av teglsteinkonstruksjonar. Rømningskorridor i fløy D består hovudsakleg av overflater av gips.  Overflater i sjakter og hulrom (over nedsenka himling) vart ikkje undersøkt under synfaring.  Utvendige overflater består generelt av teglsteinkonstruksjonar, fasadeplater og betongkonstruksjonar.		Ingen naudsynte tiltak registrert.	0								-	-
226,02	Kledning og overflate - brannmotstand	Overflate/kledning for brannceller generelt tilfredsstillar generelt krav om D-s2, d0 [In2]/K210 D-s2, d0 [K2].  Overflate/kledning i rømningsveg ivaretar generelt B-s1, d0 [In1]/K210 B-s1, d0 [K1].		Ingen naudsynte tiltak registrert.	0								-	-
227	Utstyr og komplettering	Ikkje aktuelt.											-	-
229	Andre delar av bæresystem	Ikkje aktuelt.											-	-
23	<b>Ytterveggar</b>													
230,01	Ytterveggar, generelt	Generelt er yttervergggen i dårleg stand. Veggane er trekkfulle, det er lite lufting og mykje lekkasjar. Teglen og fugene er av dårleg kvalitet og trekk vatn. Påbygg Lærar / adm , fløy E, Gaularhall og Fløy D er nylig bygd / rehabilitert og ansjåast til å vere i grei stand.		Til informasjon									-	-



NS3451 2009	Bygningsdel/anlegg	Tilstandsbeskrivelse	bilete nr.	Tiltak	TG	KT	KG	S	R	År	Andel % aktivering (U)	Kalkyle netto totalt (D+V+U)	Andel drifts- og vedlikehalds- kostnad (D+V)	Andel utviklings- kostnad (U)
231,01	Bærande ytterveggar	Ytterveggar i fløy B og C er frå 1967 (C er nyleg skifta ut på sida mot B) og er generelt i svært dårleg stand. Veggane er prega av, lekkasjer, råteskadar og truleg sopp. Dei er oppbygd med tegl, asfaltplate, 15cm trevegg og innvendig overflater. Ringmuren ligg i høgde med terreng, slik at vatnet renn inn i lufteholer til teglen. Både fuga og teglen er av kvalitet som trekk vatn. Det er for lite lufting, mellom tegl og asfaltplate. Det er det og målt fukt i konstruksjonen, samt påvist store kuldebruer.	205 206	Veggane må rivast i sin heilhet og alt av råte treverk må fjernast. Grunnmuren må hevast 15cm for å komme over terreng. Ein må og legge inn isolasjon på yttersida av ringmuren. Ny vegg (20+5) og teglforblending og innvendig plater.	3	5	3	3	9	2021		1 437 500	1 437 500	-
231,02	Bærande ytterveggar	Ytterveggar i fløy E er frå 1993-1996, og her har det ikkje vore problemer med lekkasjer. Derimot opplev ein luftelekkasjar, men dette kan også komme frå vindauga.	207	For å redusere moglegeheit for lekkasjer, bør ein grave langs ringmuren 20-30 cm brei, og legge ned ny dreining og singel (singel også som topplag).	2	7	2	2	4	2021		20 000	20 000	-
231,03	Bærande ytterveggar	Ytterveggar i fløy A, plan 2, er frå 1967. Desse er utført med likt prinsipp som fløy B og C. Mot nord-vest har desse lite lufting, samt at det trekk ein del frå konstruksjon. Det er og påvist store kuldebruer. Både fuga og teglen er av kvalitet som trekk vatn. I dag er det 15 cm bindingsverk med isolasjon i B kvalitet.	208	På sikt bør ytterveggen takast rehabiliterast med ny yttervegg, fjerne evt. råteskadar. fore på 5 cm eks stender, plast og 5 cm påføring, platekledning, for å få ein fullgod løysing må teglen skiftast ut og trekkast ut.	2	7	2	2	4	2025		1 406 250	1 406 250	-
232	Ikkje-bærande ytterveggar	Ytterveggane i kjellarplan for A-fløyen har for lite lufting på kledning, det var også målt fukt ved sløydsalen. Fukten kjem av dårleg lufting, dårlege vindauge og manglande tetting. Det er og stor sjanse for råte og soppkskadar. Innvendige overflater er utslitte, unntaksvis for skulekjøkenet. Elles må dei berande betogsøylane isolerast og kleast inn. Det er og påvist store kuldebruer jmf. bilete.	209	Skifte ut heile veggen inkl. vindauge (blir omtalt spesielt i vindauge kapittelet), søyla må og kleast inn og isolerast, samt ringmuren. Strakstiltak er å auke luftinga ved ringmur ved å justere på det første kledningsbordet	2	5	2	3	6	2021		875 000	875 000	-
233	Glassfasadar	Ikkje aktuelt.											-	-
234,01	Vindauge, dører, foldeveggar	Større delar av Sande skule består av bygg frå 1964 til og med 1996 (fløy A-B-C-E). Vindauge er frå byggeår, det er generelt dårleg isolasjonsevne i glasa, dårleg tetting rundt vindauge, kaldras og trekk frå vindauga. Vindauga kan innehalde pcb, asbest i kitt. Det må lagast ein analyse på vindauge som er eldre enn 1975.  Overflater og vindauge har generelt forfall og innvendig slitasje. Utvendig ber det preg av værpåkjønning og dårleg vedlikehald. Mange vindauge er spikra fast. Dette då glidarane ved opning/låsing av vindauge er i plast. Desse er forvitra og er øydelagde.  Vindauge som går mot vegg/tak har dårleg isolert tilslutning, kuldebru.		Informasjon									-	-
234,02	Vindauge	Gangareal fløy A, fleire av dei store vindauga, golv til tak, i gangareal er punkterte. Når det regnar lek det vatn inn i bygget. Vindauga er frå byggeår, dårleg u-verdi, kaldras.	210	Skifte ut vindauge, 3-lags glas. og legge på ein brystning for komme over terreng. her er det trulig asbest i kittet.	2	5	2	3	6	2021	0 %	921 250	921 250	-
234,03	Vindauge	Trekk frå enkelte vindauge i lærar/adm.fløy, fløy A, frå 2001.		Sjekk tetting rundt vindauge, evt. utskifting.									-	-
234,04	Vindauge	Vindauge fløy B og C og E må skiftast ut, unntak Bygg C, vegg mot bygg B, vindauge vart skifta ut i 2018. Isoleringsevne er tilfredstillande.	211	Skifte ut vindauge, 3-lags glas. og sikre god tetting rundt vindauga. vindauga før 1980 er det trulig asbest i kittet	2	5	2	3	6	2023	0 %	1 856 250	1 856 250	-
234,05	Vindauge	Vindauge fløy A mot nord vest i plan 1 og 2 må skiftast ut.	208	Skifte ut vindauge til 3-lags glas. Vindauga frå før 1980 har trulig asbest i kittet.	2	7	2	3	6	2023		2 062 500	2 062 500	-
234,06	Dører	Innerdører. Mange dører er frå byggeår, delar av desse held ikkje lyd- og brannkrav. Dører frå dei største klasseromma har ikkje tilstrekkeleg breidde (lysopning 900 mm, evt. meir) for evt. evakuering. Eldre dører held ikkje kravet til UU, krav til lysopning 900 mm.	212										-	-
234,07	Dører	Ytterdører. Ein del dører er frå byggeår 1967, desse er klar for utskifting. Dårleg isolert, generell slitasje.			2	7	2	3	6	2023		125 000	125 000	-
234,08	Dører	Ytterdører, 2 dører i fløy B og C defekte og klar for utskifting. Terskel, fløy B-C-E. overgang ute/inne, bratt overgang ved enkelte dører.			2	7	2	3	6	2023		162 500	162 500	-
235	Utvendig kledning og overflate	Utvendig overflater på ytterkledning generelt tilfredsstillar krav om D-s3. d0 [U12].		Ingen naudsynte tiltak registrert.	0					0			-	-

NS3451 2009	Bygningsdel/anlegg	Tilstandsbeskrivelse	bilete nr.	Tiltak	TG	KT	KG	S	R	År	Andel % aktivering (U)	Kalkyle netto totalt (D+V+U)	Andel drifts- og vedlikehalds- kostnad (D+V)	Andel utviklings- kostnad (U)
236	Innvendig overflate	Sjå punkt 242.											-	-
237	Solavskjerming	Klasserom i fløy B-C-E og A, samt adm.del mot sørvest bør solavskjermast.		Utvendige persienner. Alternativt innvendig mellom glasflater. Innvendige persienner er ikkje å anbefale om ein skal tenkje langsiktig og levetid.	2	5	1	3	3	2023		70 500	70 500	-
238	Utstyr og komplettering	Ikkje aktuelt.											-	-
239	Andre delar av yttervegg - brannspreiing i fasade	Vertikal avstand mellom vindauge i fasade vart ikkje kontrollmålt under synfaring. Fasade i fløy A er imidlertid utført med teglsteinkonstruksjonar mellom vindauge, samt vertikal avstand mellom vindauge i fasade fløy D vurderast ivaretatt.		Ingen naudsynete tiltak registrert.								-	-	-
<b>24</b>	<b>Innerveggar</b>													
240	Innerveggar, generelt	Sande skule generelt, bygg frå 1967 til og med 1996. Innerveggar av bindingsverk i tre er generelt for dårleg isolert mellom klasserom og mellom klasserom og grupperom, dei held ikkje lykrav. Bindingsverksveggar i brannceller med brannkrav har avvik og held ikkje krav til brannetting, det gjeld isolasjon og overflater av ubrennbart materiale. Fløy B, C og E, vegg mot gang har kun plater på ei side og er ikkje isolert, her gjeld lyd og brannkrav. Vegg mellom klasserom har original inndeling med tegl.		Informasjon								-	-	-
241,01	Bærande innerveggar	Generelt betong, tegl og bindingsverk av tre.		Informasjon								-	-	-
241,02	Fløy A, teglvegg mellom klasserom og gang.	Felt over dør til gang, glasfelt er skifta ut med isolert/plata felt, for å holde krav til branncelle. Det er fortsatt felt over dør som er i glas i fløy A. Desse held ikkje krav til brann		Sjå tiltak 249.04	2	3	2	3	6	2021		30 000	30 000	-
